



Retningslinjer for prosjektstøtte til profesjonell kunst og kultur

Retningslinjene for ordninga vart vedtatt i kultur-, næring- og folkehelseutvalet sitt møte 30. august 2022, i sak 99/22.

Ordninga gjeld støtte til produksjon og til formidlinga av prosjekt, for aktørar og/eller aktivitetar i det profesjonelle kunst- og kulturfeltet i Møre og Romsdal.

Ramma for ordninga er 250 000 kroner. Det vil blir gjort fem tildelingar, på 50 000 kroner på kvar.

Formål

Ordninga skal bidra til å vidareutvikle eit mangfaldig og tilgjengeleg profesjonelt kunst- og kulturtilbod for befolkninga ved å:

- stimulere til auka kunstfagleg produksjon av høg kvalitet
- stimulere til auka kunstfagleg formidling av høg kvalitet
- gi utøvarar innan alle uttrykk moglegheit å arbeide med gode, tidsavgrensa prosjekt
- stimulere til auka visning av kunst og kultur i heile fylket

Kven kan søke om støtte?

Profesjonelle kunstnarar og kunstnarlege fagmiljø frå det frie feltet innan alle kunstuttrykk og sjangrar

Kunst- og kulturinstitusjonar med vesentleg offentleg støtte kan vere samarbeidspart i prosjektet, men ikkje stå som søker.

Det blir ikkje gitt tilskot til amatørverksemd, men det kan bli gitt tilskot til profesjonelle sitt bidrag i samarbeidsprosjekt mellom profesjonelle og amatørar.

Alle søkerar må vere folkeregistrert i Møre og Romsdal.



Kva kan du søke støtte til?

Produksjon og utvikling av åndsverk som eit publikum skal oppleve og/eller delta i, som for eksempel:

- Produksjon og ferdigstilling av materiale
- Tilrettelegging og distribusjon
- Produksjon og formidling av lydopptak, konsertverksemrd og komponering (f.eks. innspeling og turné)
- Produksjon og formidling av scenekunst
- Manusutarbeiding og andre former for tekstproduksjon
- Produksjon og formidling av film
- Produksjon og formidling av visuell kunst, f.eks. foto, bildekunst, kunsthandverk, performance

Du kan òg få støtte til samansette prosjekt som fell innanfor kategoriene nemnt ovanfor.

Det gis ikkje støtte til

- Pilot- og forprosjekt
- Kostnadar til teknisk bistand og utstyr og innkjøp av rekvisittar
- Seminar, studiereiser eller utgifter til kurs/utdanning
- Prosjekt som allereie er gjennomført

Søknaden må innehalde

- Budsjett som viser utgifter og inntekter (kostnad- og finansieringsplan)
- Framdriftsplan (tidsplan for tiltaket)
- CV på alle deltagarar i prosjektet
- Oversikt over materiale som er relevant for prosjektet

Alle vedlegg skal vere digitale og tilgjengelege i minimum 6 månadar etter søknadsfrist. Har du filmar i Vimeo som skal leggast ved søknaden din må du hugse å gi opp passordet så saksbehandlar får tilgang. Eventuelle nettlenker må lede rett til det aktuelle, relevante materialet.



I søknadsskjemaet blir du også bedt om å fylle ut:

- Prosjektskildring
- Kunstnarisk målsetting
- Medverkande i prosjektet
- Plan for formidling/marknadsføring/innspeling
- Visningsoversikt/premierestad/visningar

Søker du om støtte til filmprosjekt, må du tillegg legge ved:

- Kort synopsis
- Reginotat/produsentnotat
- Plan for distribusjon/lansering

For litteratur må du legge ved plan for utgiving og eventuelt legge ved avtale frå med forlag.

Behandling av søknaden

Kulturdirektøren har behandla søknaden din, på delegert myndighet frå kultur- og folkehelseutvalet.

Vilkår for utbetaling

Vanlegvis utbetalast 75 prosent av tilskotet ved tildeling og resten etter at rapporten og prosjektrekneskapet er levert.

Tildelinga kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Dersom rapporten viser at den reviderte rekneskapen er lågare enn budsjettet, kan tilskotet bli avkorta.

Du må bruke pengane innan eit år

Tilskotet skal fortrinnsvis brukast innan eit år frå tildelinga er gitt. Dato for tildeling finn du i tildelingsbrevet. Det kan søkast om utsetting i ytterlegare eit år. Dette må gjerast innan fristen som er satt i tildelingsbrevet. Etter to år blir tilskotet automatisk trekt tilbake.

Du må sei ifrå om endringar

Prosjektet eller tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om. Viss det er nødvendig å gjøre endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettet, kan støtta bli redusert.



Du må rapportere og føre rekneskap

Rapporten skal gjøre greie for gjennomføringa av tiltaket eller prosjektet i forhold til søknaden. Rekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i rekneskapen.

For tildelingar under 350 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar over 350 000 kroner, skal rekneskap vere godkjent av autorisert revisor.

Rapport og rekneskap skal sendast elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema.

Om vilkåra i brevet og rapporteringskrava ikkje blir følgt, blir støtta automatisk trekt tilbake etter to år.

Du må synleggjere støtta du får

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Logoen til fylkeskommunen finn du ved å følge denne lenka.

Vi kan krevje at du må betale tilbake støtta

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile eller delar av støtta.

Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

Vi kan kontrollere korleis midlane er brukt

Vi kan kontrollere at tilskotet er brukt etter vilkåra. Viss du blir spurta, må du gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken.

Du har rett til å klage

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du kan klage innan tre veker frå den datoén du får brev frå oss.